

A V T A L E

mellom

LINDÅS KOMMUNE

og

AUSTRHEIM KOMMUNE

om

LEVERING AV VATN FRÅ STORAVATN

1. For mellom anna å kunna levera vatn til Austrheim, må Lindås leggja ein ny overføringsleidning frå Adnevik til Mongstad sør.
Leidningen er kostnadsrekna til 18 mill kroner og skal verta ferdig til bruk seinast 1. juli 1988.
2. Austrheim får rett til å taka ut inntil 525.600 m³ pr. år, (gjennomsnitt 60 m³ i timen).
Maksimum uttak i ein time vert sett til 110 m³.
3. Vatnet skal leverast i målekum på Litlås.
4. For retten til den nemnde vassmengda skal Austrheim betala Lindås eit tilskot på 50% av kostnadene med overføringsleidningen etter at statstilskotet er drege frå.
Tilskotet skal utbetalast etter rekvisisjon og i takt med utbygginga.
Det skal ikkje betalast tilknytingsavgift.
5. For vatnet skal Austrheim betala ei årsavgift på kr. 0,87 pr. m³.
Det skal betalast for minimum 262.800 m³ (30 m³ i timen).
Den delen av årsavgifta som skriv seg frå driftskostnadene, kr. 0,22 pr. m³, skal regulerast kvart år i samsvar med endringane i konsumprisindeksen pr. 15/1 kvart år.
Utgangspunkt for indeksregulering er 15/1 1987.

Betaling skal skje 30/6 og 31/12.

Den delen av årsavgifta som ikkje skriv seg frå driftskostnadene fell bort etter 30 år, 1/1-2017.

6. Lindås står for planlegginga og utbygginga av leidningen og har vanleg ansvar for drifta av vassverket, og at vassverket til kvar tid leverer hygienisk drikkevatt av slik kvalitet som helsestyresmaktene krev.
7. Lindås skal syta for alle nødvendige godkjenningar og løyve frå offentlege styresmakter for anlegg innanfor kommunen sine grenser
Kommunen er vidare ansvarleg for oppfylling av alle dei vilkåra og pålegg som vert gjorde av offentlege styresmakter i samband med drifta av vassverket.
8. Oppstår det brot på vasstilførsla fram til Litlås, pliktar Lindås snarast å varsla Austrheim og utbetra skadane og eventuelt syta for mellombels løysing til skadane er utbetra.
9. Oppstår det brot på hovudleidningsnettet i Austrheim, pliktar Austrheim snarast å melde frå om dette til Lindås.
10. Spørsmål om levering av større total vassmengde enn det som er nemnt i punkt 2 må takast opp ved nye tingingar.
11. Skulle det verta trong for større bassengkapasitet på Litlås, skal det skje i samarbeid mellom kommunane og etter same modell som nemnt i punkt 4. Ved auka bassengkapasitet får Austrheim fyrsterett til auka uttak.
12. Austrheim skal syta for at det vert montert uttak for sideleidning til Keilo ved Bakkustraumen. Vassmengda som går til Keilo vert ikkje rekna med i vassmengda som nemnt i

punkt 2 og 5.

Uttaket er avgrensa til forsyning av bustader.

13. Avtalen kan ikkje seiast opp.

Når anlegg som er nemnde i denne avtalen treng fornying, kan avtalen etter 40 år takast opp til revisjon.


14. Alle tvistar som har sitt opphav i denne avtalen skal avgjerast ved voldgift etter reglane i kapittel 32 i tvistemålslova.

Formannen i retten, som skal vera jurist, skal oppnemnast av sorenskriveren i Nordhordland.


15. Denne avtalen er utferda i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Knarvik, den 2. januar 1986

For LINDÅS KOMMUNE


ordfører i Lindås

For AUSTRHEIM KOMMUNE


ordfører i Austrheim